

HAUSEN

Høgdeskilnad: 15 – 210 moh.

Tid: ca 2 timar t/r

Terreng: Langs veg, bratt der stien går.

Parkering: Ved bom i Vindedalen på Revsnesevegen

Startpunkt: Turen til Hausen startar frå bommen. Bilvegen til den nedlagde ferjekaia Revsnese er stengd så ein må anten gå eller sykle 3,5 km ut til der stien til Hausen tek av etter kryssing av Hausaelva. Stien tek av til venstre bratt oppover. Skilta.

HOVDUNGANE (VINDEDALSSTØLEN)

Høgdeskilnad: 35 – 810 moh

Tid: 4 timar t/r

Terreng: Traktorveg, deretter bratt og tydeleg sti, umerka.

Parkering: I Vindedalen nede ved sjøen.

Startpunkt: Ved sjøen. Følg vegen på venstre sida av elva, over elva på bru. Første delen av turvegen går på traktorveg langs røyrgata til minikraftverket. Etter vel 1 km flatar vegen ut og her står det skilt til "Hovdungo".

GLIPSTØLEN

Høgdeskilnad: 255 – 830 moh

Tid: 2-3 timar t/r

Terreng: God og bratt sti, delvis merka.

Parkering: På vegen over Aurlandsfjellet. Rett etter ein sving etter siste garden inn dalen, men før det siste bustadhuset, på nedsida av vegen.

Startpunkt: Ca 100 m nedover vegen frå P-plassen til ei grind på oppsida av vegen.

VARDAHAUG STØL

Høgdeskilnad: 940 - 1100 moh

Tid: ca. 1 time t/r

Terreng: Merka relativt god sti

Parkering: Ved brua over Modlaugselvi, Vardahaug bru.

Startpunkt: Skilt på oppsida av vegen viser start på stien som går gjennom bjørkeskog.

VÅKELDHAUGEN

Høgdeskilnad: 5 – 285 moh

Tid: ca 45 min opp

Terreng: Bratt, men god sti som går i slyng oppover.

Parkering: Ved ferjekaien i Habben.

Startpunkt: Gå ca. 50 m forbi kaihuset mot Erdal, skilt på venstre sida av vegen.

HOGNÅSEN

Høgdeskilnad: 5 – 910 moh

Tid: ca 4 timar t/r

Terreng: Bratt, men god sti som går i slyng oppover.

Parkering: Ved ferjekaien i Habben.

Startpunkt: Gå ca. 100 m forbi kaihuset mot Erdal, skilt på venstre sida av vegen.

HARASIGLET

Høgdeskilnad: 15 - 235 moh

Tid: ca. 45 min

Terreng: Bratt og god merka sti

Parkering: Parkering ved informasjonstavla, ca. 100 m langs E16 syd for avkjørsla fra riksvegen til Lærdal Sjukehus.

Startpunkt: Frå parkeringsplassen gå rett over vegen til starten på stien. Her er det eit oppslag om Storehaugen og motbakkeløpet "Storehaugen Opp".

STOREHAUGEN

Høgdeskilnad: 15 – 908 moh

Tid: 4-5 timar t/r

Terreng: Bratt og god merka sti.

Parkering: Parkering ved informasjonstavla, ca. 100 m langs E16 syd for avkjørsla fra riksvegen til Lærdal Sjukehus.

Startpunkt: Frå parkeringsplassen gå rett over vegen til starten på stien. Her er det eit oppslag om Storehaugen og motbakkeløpet "Storehaugen Opp".

MJØLKEFLATEN.

Høgdeskilnad: 5 – 80 moh

Tid: ca. 1 time t/r

Terreng: Merka sti, enkelte svaberg.

Parkering: Parkering ved Fritidsparken.

Startpunkt: Gangvegen langs riksvegen til åpningen av Fodnestunnelen. Sti til venstre ned langs elva. Etter ca. 150 m vegvisarpil til høgre gjennom granskog.

HEDLERSTEGEN

Høgdeskilnad 5 – 100 moh

Tid: ca. 1 time t/r

Terreng: Merka sti.

Parkering: Parkering ved Fritidsparken.

Startpunkt: Gangvegen langs riksvegen til åpningen av Fodnestunnelen. Sti til venstre ned langs elva. Følg sti langs sjøen til Jektesanden, deretter til høgre gjennom skogen.

STØDNAÅSEN

Høgdeskilnad 20 – 770 moh

Tid: ca 4 timar t/r

Terreng: God merka sti, enkelte bratte parti.

Parkering: Køyr Rv.5 og følg skilting til sjukehuset; sving til venstre etter brua og følg grusveg i retning garden Stødno. Like før brua over elva Berdøla parkering på venstre sida, skilta P. Ikkje parker i gardstunet.

Startpunkt: Gå over brua og ta til høgre (skilt «Turveg») langs elvebredden.

LUSAHUS

Høgdeskilnad 20 – 595 moh

Tid: ca 1,5 time opp

Terreng: God merka sti, enkelte bratte parti.

Parkering: Samme som til STØDNAÅSEN.

Startpunkt: Gå over brua og ta til høgre (skilt «Turveg») langs elvebredden. Etter ca. 30 min ta til høgre i stikryss, skilt «Lusahus».

FAGERSET

Høgdeskilnad 10 – 890 moh

Tid: ca 2 timar opp.

Terreng: God merka sti, enkelte bratte parti.

Parkering: Ved Fodnes ferjekai.

Startpunkt: Følg vegen fra ferjekaia ut til Fodnes gard og fyr. Følg merka sti, skilta.

LØBERG

Høgdeskilnad: 50-360 moh.

Tid: ca. 45 min opp

Terreng: God umerka sti, gamal stølsveg

Parkering: : Snuplassen i byggefeltet «Ofra aust», bak sjukehuset. Køyr forbi sjukehuset, over bru og ta til venstre på veg oppover i byggefeltet. Parkeringsplass i siste svingen, til høgre i ei avkjørsla. Ikkje parker i snuplassen ved enden av vegen

Startpunkt. Fotturen startar langs elva; etter ca. 150 m stor opplysningstavle. Herifrå bratt oppover på god sti.

OFTEDALEN NEDRE

Høgdeskilnad: 50 - 800 moh.

Tid: ca. 75 min opp

Terreng: God umerka sti, gamal stølsveg

Startpunkt: Same startpunkt som til LØBERG.